



Statens vegvesen

Trafikkforum (1)

Vestvillveien 30 B, 2019 Skedsmokorset

Behandlande eining:
Vegdirektoratet

Sakshandsamar/telefon:
Per Gunnar Veltun / 22073815

Vår referanse:
16/26575-77

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.12.2017

Føringar for gjennomføring av sikkerheitskurs på bane – klasse B

I føreropplæringa er det som kjent lagt opp til individualisert, elevtilpassa undervisning og stor pedagogisk fridom for trafikklæraren.

Når det gjeld gjennomføring av sikkerheitskurs på bane er det likevel behov for at trafikkskulane/trafikklærarane i stor grad samordnar undervisninga og har relativt samanfallande undervisningsplaner. Ikkje minst gjeld dette organiseringa i dei såkalla sikkerheitshallane.

Etter drøftingar med Fagråd 3.10 og NAF er vi komne til at det er rett å gje utfyllande føringar for gjennomføringa av dette kurset.

Føringane skal vere til hjelp for øvingsbanane når det gjeld fastsetjing av kva slags utstyr banane skal ha og kva slags rutinar som skal gjelde der, og for trafikkskulane når det gjeld utarbeiding av undervisningsplanar for denne delen av opplæringa.

Som det går fram, føringane er ikkje forskrift, men gjev rettleiing med tanke på smidig gjennomføring og best mogleg måloppnåing for elevane.

Føringane følgjer vedlagt.

Trafikantseksjonen
Med helsing

Dag Terje Langnes
seksjonssjef

Per Gunnar Veltun

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Brynsengfare 6A
0667 OSLO

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til

Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund (1), Postboks 144, Manglerud, , 0612 OSLO

Trafikkforum (1), Vestvillveien 30 B, 2019 Skedsmokorset

Kopi

Norges Automobilforbund, Postboks 6682 Etterstad, 0609 OSLO

Føringar for gjennomføring av sikkerheitskurs på bane – klasse B

Desse føringane er meint som ei utfylling av det som er fastsett i trafikkopplæringsforskrifta og det som går fram av læreplanen om gjennomføringa av dette kurset.

Føringane skal vere til hjelp for øvingsbanane når det gjeld fastsetjing av kva slags utstyr banane skal ha og kva slags rutinar som skal gjelde der, og for trafikkskulane når det gjeld utarbeiding av undervisningsplanar for denne delen av opplæringa.

Føringane er ikkje forskrift, men gjev rettleiing med tanke på smidig gjennomføring og best mogleg måloppnåing for elevane.

Rammer for innhald og gjennomføring av sikkerheitskurs på bane – klasse B går fram av § 11-6 og § 11-7 i trafikkopplæringsforskrifta:

§ 11-6. Sikkerhetskurs på bane – klasse B

Kurset er på 4 undervisningstimer og gjennomføres i sin helhet på banen. 1 time brukes til mål, forventninger, oppsummering og refleksjoner med medelever og lærere i klasserom. 1 time brukes til sikring av personer og last. Hver elev skal ha 2 timer praktisk øving på bane.

Ved kjøring på bane kan det være inntil to elever i hver bil. Det skal være en trafikk lærer i hver bil. Øvrig undervisning kan gjennomføres med inntil 16 elever.

Øvingsbanens størrelse, kjøremønster, kapasitet og sikkerhetssoner bestemmer hvor mange biler det er forsvarlig å ha på banen samtidig.

Banen, baneleien og hvor mange biler som kan øve på banen samtidig, godkjennes av Vegdirektoratet

§ 11-7. Kursmål for sikkerhetskurs på bane – klasse B

Eleven skal gjennom opplevelse og erfaring videreutvikle sin kompetanse i å opptre slik at ulykker unngås.

Eleven skal lære å sikre personer og last, og forstå hvordan bilens brems- og styremuligheter påvirkes av førerens kjøremåte og bilens utrustning.

Eleven skal

1. kjenne kursets mål og organisering, og bli bevisst og sette ord på egne forventninger og mål
2. forstå betydningen av å sikre personer og last i eller på bil ved å
 - a. oppleve hvordan løse gjenstander påvirkes og tilegne seg kunnskap om hvilke krefter en person utsettes for ved bråstopp
 - b. tilegne seg kunnskap om og øve på å sikre barn, voksne, last og gjenstander
3. videreutvikle sin kompetanse til å ha kontroll over bilen ved å

- a. oppleve hvordan fart, kjøremåte, førerstøttesystem, dekk og tilgjengelig veggrep virker inn på bilens bremse- og styremuligheter
 - b. oppleve krisesituasjoner og bli bevisst egne reaksjoner
4. reflektere over sine erfaringer og opplevelser ved å
- a. dele disse med medelever og lærere
 - b. vurdere egne sterke og svake sider som bilførere og velge ut områder med utviklingsmuligheter.

Av læreplanen går det fram at:

Undervisningen skal legge til rette for at eleven når de målene som er fastsatt i forskrifta. Med tanke på å nå disse kan det arbeides med å nå flere mål samtidig, eller i annen rekkefølge, enn den som er fastsatt i forskrifta for vedkommende trinn eller del av kurs, jf. §§ 7-1 og 7-2.

§ 7-2. Mål, undervisning og læreplaner

Undervisningen skal legges til rette for at eleven kan nå målene for opplæringen, slik de er fastsatt i denne forskriften.

Innenfor hvert trinn og innenfor deler av kurs kan det arbeides med å nå flere mål samtidig eller i en annen rekkefølge enn den som fremgår av forskriften, dersom ikke annet er fastsatt av spesielt for vedkommende trinn eller kurs.

Vegdirektoratet fastsetter læreplaner, Læreplanene anses ikke som forskrifter etter forvaltningsloven.

Det går også fram av Generell del i læreplanen at det i føreropplæringa er lagt opp til relativt stor pedagogisk fridom for læreren og individualisert, elevtilpassa undervisning.

Når det gjeld gjennomføring av sikkerheitskurs på bane er det likevel behov for at trafikkskulane/trafikkklærarane i stor grad samordnar undervisninga og har relativt samanfallande undervisningsplaner. Ikkje minst gjeld dette organiseringa i dei såkalla sikkerheitshallane med tanke på at alle elevane skal få optimalt læringsutbytte.

Sikkerhetskurs på bane har 4 deler:

Del 1 Mål, organisering og forventninger

Del 2 Sikring av personer og last

Del 3 Førerens grad av kontroll over kjøretøyet

Del 4 Refleksjon og oppsummering

Av læreplanen går det fram at:

Kurset innledes med del 1 og avsluttes med del 4.

Måla for desse delane går fram av § 11–7 tredje ledd nr. 1:

Eleven skal...

1.kjenne kursets mål og organisering, og bli bevisst og sette ord på egne forventninger og mål

og nr. 4:

Eleven skal

4.reflektere over sine erfaringer og opplevelser ved å

- c. dele disse med medelever og lærere
- d. vurdere egne sterke og svake sider som bilførere og velge ut områder med utviklingsmuligheter.

Måla for del 2 går fram av § 11–7 tredje ledd nr. 2:

Eleven skal....

3.forstå betydningen av å sikre personer og last i eller på bil ved å

- a. oppleve hvordan løse gjenstander påvirkes og tilegne seg kunnskap om hvilke krefter en person utsettes for ved bråstopp
- b. tilegne seg kunnskap om og øve på å sikre barn, voksne, last og gjenstander

Det er spesielt gjennomføring av denne delen av kurset desse føringane er tenkt å medverke til at blir best mogleg. Med bakgrunn i plassen i hallane, støy frå enkelte av aktivitetane m.m. meiner vi at

A. det bør vera maksimalt 8 elevar til stades på same tid

B. undervisninga bør bli gjennomført ved tre stasjonar:

Stasjon 1 omfattar bråstopp med to eller fire sete, vekter og nakkeslengsimulator

Stasjon 2 omfattar barnesete og beltesamlar

Stasjon 3 omfattar taklastestativ, aktuelt gods og utstyr til å sikre med i og på bilen

C. undervisninga bør begynne med at alle elevane får felles undervisning ved stasjon 1. Denne stasjonen gjev oppleving og forståing for energien som blir skapt når masse beveggar seg. Dette er eit avgjerande utgangspunkt for at elevane skal forstå behovet for sikring.

Deretter blir elevane delt i to grupper som gjennomfører oppgåver ved dei to andre stasjonane.

Måla for del 3 går fram av § 11–7 tredje ledd nr. 3:

Eleven skal...

3. videreutvikle sin kompetanse til å ha kontroll over bilen ved å
 - a. oppleve hvordan fart, kjøremåte, førerstøttesystem, dekk og tilgjengelig veggrep virker inn på bilens brems- og styremuligheter
 - b. oppleve krisesituasjoner og bli bevisst egne reaksjoner

Om denne delen heiter det i kommentarane til sikkerheitskurs på bane i læreplanen:

Kjøringen på øvingsbanen bør gjennomføres med et åpent kjøremønster. Med åpent kjøremønster menes at hele anlegget med alle veger og områder som ikke er spesielt avstengt, beregnet til parkering, sikkerhetssoner el., blir utnyttet for å skape opplevelser og erfaringer den enkelte eleven trenger for å nå målene for kurset. Åpent kjøremønster innebærer at læreren må utnytte mulighetene anlegget har, og mest mulig unngå venting mens andre øver. utfordringer og situasjoner bør skapes mest mulig naturlig, enten ved bruk av bevegelig hindre eller ved at bilen mister veggrep på grunn av for høy fart eller andre faktorer.

Føringane er fastsett i desember 2017 og gjeld inntil vidare.

Vegdirektoratet vil følge erfaringane som blir gjort på banane nøye, og evaluere effekten av føringane etter eit år.